

Region nordvest



FOTO: ANNA METTE HALS KLYVE



Besøksadresse:
Myrabakken Næringscenter,
Spjelkavikvn 132, 6010 Ålesund
E-post: nordvest@nlm.no

**Regionleiar og ansvarleg
redaktør:** Jon Ove Holen
Administrasjonsleiar:
Anne-Marit Engås
Ungleiar: Geir Henning Tunheim

INTERNASJONALT I NAIROBI

Ungdomsskuleelevane går på ein amerikansk skule, men har og litt norsk undervisning på tomta. Etter skulen spelar dei ofte frisbee-golf, eller så går dei på kameleonjakt. Vår utsending Anna Mette Hals Klyve fortel om dagleglivet i Kenya.

LES MER SIDE 43



KOMMENTAR



SVERRIR OLAFSSON
Regionleder

Å være Jesu etterfølger

Jesus gav oss et nytt bud: «Dere skal elske hverandre. Som jeg har elsket dere, skal dere elske hverandre. Har dere kjærlighet til hverandre, da skal alle kunne se at dere er mine disipler.» (Joh 13, 34–35) Det er et viktig kjennetegn på oss kristne og Jesu etterfølgere, at vi elsker hverandre.

Synlig. Jesu nye bud står i kontrast til dagens egosentrerte samfunn der man er seg selv nok. Vi som kristne skal ikke skikke oss lik denne verden. Vi skal skille oss ut. Det skal være synlig for alle at vi er Jesu disipler og etterfølgere. Måtte det være sant om oss at vi blir preget av Jesu sinnelag på en slik måte at det blir sagt om oss: «Se hvor de elsker hverandre».

I Storbritannia er kirkens og de kristnes etterfølgelse av Jesus blitt lagt merke til. Det gjør inntrykk på meg å lese statsminister Boris Johnsons uttalelse nylig: «Hvis det er én ting britiske kristne har vist oss det siste året, så er det at Jesus er veien, sannheten og livet ikke bare i dag, men hver dag. Hans lære og budskapet om hans død og oppstandelse gjennomsyrrer alle deler av hverdagslivet. Det er millioner av samaritaner som hver og en viser oss hvordan det å elske sin neste som seg selv, virkelig ser ut i det 21. århundret».

Hverdagskristen. Våre kristne søsken kan være et forbilde for oss, og deres eksempel inspirere oss. Tenk om hverdagslivene våre kunne bli gjennomsyret av Jesu lære og budskapet om hans død og oppstandelse. Da tror jeg at vi

kan se frukter av misjon i hverdagen, for misjon skjer i møte med mennesker i hverdagen. La oss være i bønn om at vi med våre liv må være med å lede mennesker til Jesus.

Vi har lett for å tenke at misjon er noe fjernt som bare angår et fåtall av spesielt innviede kristne. Misjon er faktisk noe som angår dagliglivene våre. Det er ikke bare noe som skjer på søndager når det holdes gudstjeneste. Misjon er heller ikke utelukkende et oppdrag for våre utsendinger i misjonsland-

«La oss være i bønn om at vi med våre liv må være med å lede mennesker til Jesus.»

dene. Oppdraget er gitt til oss alle, og det gjelder alle dager og alle steder. Misjon drives ved å være Jesu etterfølger i hverdagen.

Privilegerte. Vi ønsker at alle skal få se Jesu herlighet, den herlighet som er full av nåde og sannhet. Jesus ER veien, han ER sannheten, og han ER livet. Vi som misjonsfolk ønsker at alle skal få del i dette, og bli hans etterfølgere. Vi er privilegerte som får stå i en stor sammenheng med andre kristne i tjeneste for vår Herre.

«Syng for Herren, pris hans navn, forkynn fra dag til dag hans frelse! Fortell blant hedningene hans herlighet, blant alle folk hans undergjerninger!» Salme 96, 2–3

NY REKTOR PÅ VESTBORG

Geir Magne Engås er ansatt som rektor ved Vestborg vgs. fra høsten 2021. Han tar over etter Håkon Hovda som har vært rektor de tre siste årene.



Geir Magne Engås er 46 år gammel og har tidligere vært rektor på Vestborg i 10 år. Siden høsten 2018 har han vært leder for TID familiebibelskole i Kenya.



MIN SONG

*Du kjem ikkje utanom Jesus
Om du inn til livet vil gå
Får han ikkje synet deg gjeva
Guds rike du ikkje kan sjå*

*Du kjem ikkje utanom Jesus
Han livet og sanninga er
Eit fyrlys på nattsvarte fjorden
Den veg som til paradiset ber*

*Du kjem ikkje utanom Jesus
Han heilar dei sværeste sår
Der vinter og vonløyse råder
Han kjem med den gildaste vår*

*Du kjem ikkje utanom Jesus
Det einaste haldet som held
I livet, i døden, i domen
Det einaste namnet som gjeld!*

*So gjev då ditt hjarta til Jesus
Sitt liv han for deg gav eingong.
Om vegen er smal, han deg fører
Til æveleg sæla og song!*

Denne sangen av Trygve Bjerkreim sang vi ofte på leir og på møter i min ungdom. Kanskje den skulle vore teke fram igjen både for unge og eldre?

Vi må sjå Jesus som er livet og sanninga, Han som gjev trøyst og von, Han som er med i livet, i døden og domen! «Det einaste haldet som held!»

«Det er ikkje frelse i nokon annan, for under himmelen er det ikkje gjeve menneska noko anna namn som vi kan bli frelste ved». Apg 4,12

RUTH BRENNHAUG STAURSETH





KVARDAG I KENYA

Kvar gong vi kjem heim etter ein handletur blir temperatur målt og hendene sprita av vaktene.

FOTO: MOSES

I 2019 forlot vi norsk folkeregister, eit småbruk i Hardanger og Kvam ungdomsskule for å bu i Nairobi, ein millionby i Afrika.

TEKST ANNA METTE HALS KLYVE

Wikipedia fortel meg at det i 2019 var 4,397 millionar innbyggjarar i Nairobi. Eg veit at fem av desse heitte Klyve. For vi gjorde som styresmaktene hadde sagt oss; «Bli heime på den gitte dato i august». Huset fekk eit nummer, og så kom det ei dame og telte oss. Den kenyanske venninna mi var ikkje heime den dagen, så ho og familien kom ikkje med i manntalet denne gongen.

TEMPERATURMÅLAR OG SPRIT. Kvar dag blir dei trøyttaste i familien vekt av lyden frå kafikverna. Vi har fått ein ny dag i gåve. Etter frukost får Iver Johannes med seg niste og maske, og blir saman med kameraten Jens Gabriel køyrd til West Nairobi School. Portane der blir opna av vakter som deretter kjem med temperaturmålar og sprit. 36,2 grader! Godkjent. – Welcome! Maska må vera på heile dagen, også i gymtimen.

INTERNASJONAL ELEVFLOKK. Gaute har berre hundre meter å gå til den norske skulen der



han er lærar. Tek vi oss ein tur bort dit, så kan ein lure litt. For her går det jammen mykje i engelsk. Og når ein studerer den vesle elevflokk, så finn vi både Sudan, Uganda, Somalia og Kenya representert. Og ein kvart finne. Men alle møtest i norsk læreplan. Fire flotte vestlendingar losar elevane gjennom gantabellar og verbbøying, gitargrep og dei ulike religionane.

Vi kikkar inn på eit klasserom og ser at det nærmar seg påske. Karsefrø er strødd over eit landskap med ei grav. Ein stein ligg framfor grava. Skal tru kva som er inni?

Litt over to kjem dei to ungdomsskuleelevane heim frå den amerikanske skulen, og da får dei endeleg ha litt skule utan maske. Dei

VÅRE UTSENDINGAR

Anna Mette Hals Klyve og Gaute Soldal Klyve reiste saman med borna Iver Johannes, Astrid Helena og Kari Olise til Kenya sommaren 2019. Anna Mette er frå Ålvundfjord på Nordmøre, og familien bur i Hardanger når dei er heime i Norge. Dei arbeidar på den norske skulen i Nairobi.

to, og så eg da. Vi stappar inn litt spansk og norsk før dei spring ut til frisbee-golfbanen her inne på tomte. Eller på kameleonjakt.

«ALWAYS NEW». I sekstida gøymer sola seg bak dei store trea. Lyset er så vakkert. Og har eg tid unner eg meg ein tur over fotballbanen og gjennom maisåkeren til Charles, vaktmeisteren. – Hodi! seier eg, og inne høyrer eg Lydia; – Karibu! På ettermiddagen, når ho er ferdig på jobben som barnepassar og hushjelp, så sit ho med strikkesø i handa og augene festa på den opne bibelen. – It's always new, seier Lydia. – The Bible. It is fresh. – Fortel, seier eg. – Har du funne noko du vil dele med meg?



VESTBORGRUSSEN – EIT KJÆRLEIKSFORHOLD

I årevis har Vestborgrusen hatt sin turné i Møre og Romsdal og Nordfjord i januar. Og kvart år har dei blitt overrumpla av kjærleiken dei vart møtt med, i heimane og på bedehusa. Årets russ fekk ikkje oppleve det. Kan vi likevel klare å nå dei med ein klapp på skuldra?

TEKST OLE AUDUN OS

Ja, det er verkeleg sant. Kwart år har dei fortalt om kor varmt dei vart mottekne i heimane. Kwart år har dei tømt kollektkorgar og sett på kvarandre og undrast. Somme tider kan handling tale sterkare enn ord og her har mange, utan å vere klar over det, sett spor hos ungdommane. Dei oppdaga at russen sitt misjonsprosjekt var felles sak. Og dei møtte menneske som var glade i Jesus – og i dei!

Årets prosjekter misjon- og bistandsarbeid i Mali og Elfenbenskysten. Kanskje såg du møtet som vart overført frå Vestborg 11. april, og la pengar i «kollektkorga» då. Vi får ein ny sjanse her til å gje ungdommane på Vestborg ein klapp på skuldra. Vipps- og kontonummer til slutt.

Her er russen sin eigen presentasjon av prosjektet. Dei gir også av sine egne pengar, og gjer diverse sprell for å samle inn:

- Innsamlingen til årets misjonsprosjekt på Vestborg, går til Vest-Afrika, nærmere bestemt Elfenbenskysten og Mali. Her jobber NLM blant annet med evangelisering, barne- og ungdomsarbeid og for å forbedre livsvilkår.

- NLM driver med blant annet søndagsskoler, leirsteder og barnegrupper for å nå ut til folkegruppene i området. I tillegg til dette drives det alfabetiseringsarbeid og bibelkurs. For mange, spesielt kvinner og barn fra små landsbyer, er dette en av veldig få muligheter de har til å kjenne på et større kristent fellesskap.

- Graving etter gull etterlater seg store hull i Mali. Disse hullene blir til dødsfeller for både mennesker og dyr. I nært samarbeid mellom NLM og lokalbefolkningen jobbes det med å gjøre områdene om til dyrkbar jord. Nå blir prosjektet utvidet til å omfatte arbeid med å renske opp tette elver, bygge

dammer, starte fiskeoppdrett, videreutvikle jordbruket i tillegg til å fylle igjen hundrevis av «brønner» etter gullgravingen.

- Vi har ulike metoder for å samle inn penger til årets misjonsprosjekt. Først hadde vi tenkt å gjennomføre en digital basar, men nye regler gjorde det umulig. Så mistet vi også russeturnéen. I stedet for holder vi nå på med loddsalg i tillegg til overføring av møte 11. april der vi snakker om prosjektet og skolen. Gjennom året har vi noen mindre prosjekt på skolen, slik som russetjenester og russekiosk i helgene, som elevene kan benytte seg av. Senere i vår skal vi arrangere misjonsløp på Vestborg, der alle elevene skaffer sponsorer og springer så mange runder de klarer.

Om du vil være med å støtte misjonsprosjektet kan du enten Vippsse til 129159 eller benytte deg av kontonummeret: 3910 45 83125.



Lokalet i Elvegata ligg sentralt i Volda sentrum.
FOTO: PER OVE AARSETH

VOLDA

GJENBRUKSBUTIKK MED FORSAMLINGSLOKALE

Misjonssambandet har kjøpt egedomen Elvegata 7 og 9 i Volda sentrum. Bygget er i dag brukt som produksjonslokale for tekstilindustri, men skal frå hausten av gi rom for gjenbruksbutikk og på sikt forsamlingslokale for Ørsta/Volda Misjonsforsamling (ØVM).

TEKST **STEINAR DIMMEN**

Gjenbruksbutikken har lenge vore på utkikk etter eige lokale fordi leigekontrakten på dagens butikklokale i Ørsta snart går ut. – Vi såg det då som ei løysing å flytte butikken inn i sjølveigde lokale, for å få ei sikrere drift og ei rimelegare husleige. Ei samlokalisering av butikk og forsamling er spennande, og vi har veldig gode erfaringar med det frå andre stader i landet, seier leiar i NLM Gjenbruk Bjarte Rydland. Han har vore med i samtalan om flytting av butikken.

Steffen Stensland som er pastor i ØVM ser mange spennande moglegheiter som dei nye lokalitetane gir. – Forsamlinga sine aktivitetar vil gradvis verte flytt over i det nye lokalet, seier han. – Vi kan raskt flytte deler av barnearbeidet (Mixklubben), men også andre



Inne i produksjonslokalet som etter kvart skal bli gjenbruksbutikk. Frå venstre: Regionleiar Jon Ove Holen, pastor i ØVM Steffen Stensland, styreleiar i ØVM Anders Egil Straume og leiar for NLM Gjenbruk Bjarte Rydland. FOTO: PER OVE AARSETH

møter kan flyttast. Vi ynskjer å skape ein møteplass for folk og tenkjer at delar av lokalet kan vere ein enkel kafé eller liknande. Bygget manglar i dag ein god og funksjonell forsamlingshall, og ei ombygging må derfor gjerast før sjølve forsamlingsarbeidet kan flyttast dit.

Regionen ser med spenning på korleis denne samlokaliseringa vil utvikle seg vidare. – Eg håper og trur at folk frå både Ørsta og Volda vil kunne ta del i det kristne arbeidet som dette opna for, og at det også kan inspirere til nye smågrupper rundt om i kommunane, seier regionleiar Jon Ove Holen.

REGIONMØTET AVLYST – ÅRSMØTE GJENNOMFØRES

Regionstyret har vedtatt at regionmøtet blir avlyst i år også, men årsmøtet skal gjennomføres ulike steder i regionen lørdag 29. mai.

Regionmøtet i Hornindal blir avlyst for andre gang på grunn av Covid-19. Det er ingen ting som tyder på at det vil være mulig å gjennomføre et slikt arrangement i slutten av mai.

I 2020 ble hele regionmøtet avlyst, men i år vil selve årsmøtet bli gjennomført lørdag 29. mai. For å overholde restriksjoner og smittevern, planlegger vi å gjennomføre årsmøtet på to eller flere ulike steder i regionen.

Programmet for årsmøtet:

11.00 Møte
12.00 Lunsj
13.00 Årsmøte
16.00 Slutt

Møtet og ledelsen av årsmøtet vil være fra Ålesund, med direkte overføring til de andre lokalitetene. Det vil være mulig å stemme og delta i samtale om arbeidet fra alle lokalitetene.

Det blir enkelt barneopplegg under årsmøtet.

Misjonscenteret ligger flott til ned mot sjøen.



POPULÆR PRESTEGARD

På Lepsøy, nord for Ålesund har det vore prestegard i fleire hundre år.

TEKST OSCAR NORDBØ

Lepsøya hadde prestegard allereie på slutten av 1500-talet. I tidlegare tider var sjøen den viktigaste ferdselsåra, og å bu på ei øy var såleis sentralt. På det meste har det vore rundt 20 hus på garden. Men tidene skiftar og i 1974 flytta presten til Haramsøya. Bygdefolket på Lepsøya gjekk då saman og kjøpte prestegarden og området rundt. Nokre eldsjeler med eit varmt engasjement både for misjon og barne- og ungdomsarbeid såg moglegheitene i prestegarden. Etter ei tid vart staden gjeven i gåve til NLM som tok over ansvaret for drift og vedlikehald på det som no heiter Lepsøy misjonscenter.

Misjonscenteret ligg vakkert til på Kjerstad, på aust-sida av Lepsøya. Tomta går heilt ned til sjøen og den syden-liknande Kjerstadsanden er nærmaste nabo. Det kvitmåla hovudhuset med gråsteinmur, skifer på taket og forseggjorde detaljar rundt vindauge og i mønegavlane gjev eit herskapeleg inntrykk. Godt handverk frå ei anna tid. Den store hagen er mest som ein liten park. Inne i huset finn ein fleire stover og eit velutstyrt og moderne kjøken med alt ein treng. Dei fem soveroma



Hovedhuset på Misjonscenteret. ALLE FOTO: PRIVAT

gir til saman 18 sengeplassar. Stabburet, som ligg litt nærmare sjøen, har ni sengeplassar, stove, kjøkenkrå og bad.

POPULÆR LEIRPlass. Og mange er dei som har vore her på leir, weekend, korsamling, retreat eller anna opp gjennom åra. – Det er ein veldig populær stad å kome til, seier Geir Henning Tunheim som leier konfirmantarbeidet i NLM. – Stemninga blir veldig tett og god. Det er som å vere på ei kjempestor hytte der alle er i lag. Men bikkar ein 30 personar blir det litt trongt.

På senteret er der strand, naust, gapahuk og grillhytte. Går ein over vegen like ved finn ein Eventyrskogen, ei artig turløype for store og små. Løypa går forbi Setsdemma, eit lite vatn med kano og robåt til fri bruk. Der finn ein òg gapahuk med universal utforming.

DRIFTIGE DUGNADSDAMER. Beate Kjerstad leiar drifta ved senteret. – Det har vore ei auke i utleige dei siste åra, seier ho. – Økonomisk går det rundt. Det som blir igjen når alle reknningar er betalt går til små oppgraderingar som t.d. robotklippar, varmepumpe eller nokre nye møblar. Og så må eg legge til at vi har nokre fantastiske dugnadsdamer. Dei styrer og steller året rundt og syter for at alt er i orden. Utan dei hadde det vore vanskeleg, for dei gjer ein kjempejobb, fortel ho vidare.

Beate understrekar at bygdefolket er glade i staden og synest senteret er positivt for øya. Her blir feira jonsok kvart år, og når det trengs er Misjonscenteret eit koseleg festlokale med høve til rimeleg overnatting for tilreisande gjestar.

VELKOMEN TIL LEPSØYA

18. desember 2021 vert ein milepæl for Lepsøya. Då blir brua til fastlandet opna. Såleis blir det endå enklare å ta seg ein tur til Lepsøy Misjonscenter.

– Den spesielle tida vi opplever no lærer oss kanskje å sette endå meir pris på det nære, seier Beate til slutt. – Denne staden byr inn til fred, stillheit, refleksjon. Det er ein stad som inviterar til å kople i frå noko av alt det som vil ha merksemda vår i ei oppjaga tid. Velkomne skal de vere.

ARRANGEMENT

DATO	ARRENGEMENT	STED
4.-6. juni	Safarileir 1.-4. klasse	Vestheim ungdomssenter
11.-13. juni	Sport-aktivleir 5.-7. klasse	Vestheim ungdomssenter
11.-13. juni	MIX-leir 1.-4. klasse	Møre barne- og ungdomsskule
18.-20. juni	Hakalleleir 3.-7.klasse	Hakallestranda
18.-21. juni	62° Nord 8.-10. klasse	Vestheim ungdomssenter
21.-23. juni	Newton-leir 1.-4. klasse	Solhøgda leirsted
24.-27. juni	Sommerleir 5.-8. klasse	Solhøgda leirsted
29. juli-1. aug.	Fjell-leir	Solhøgda leirsted
4. sept	Årsmøte NLM region nordvest	
3.-5. sept.	KAIROS	Vestheim ungdomssenter
10.-12. sept.	Newton-leir 1.-4. klasse	Vestheim ungdomssenter
17.-19. sept.	KRASP	
18. sept.	HøstCamp 1.-4. klasse	Volda bedehus
24.-26. sept.	Høstweekend for alle	Solhøgda leirsted

Vi tar forbehold om at arrangement kan bli avlyst grunnet Covid-19.



FOTO: UNSPLASH.COM

SOMMERLEIRER

Mye er fortsatt uavklart med leir-gjennomføring. Det er ikke lenge til sommeren, og vi håper fortsatt at sommerleirene kan gjennomføres. Men vi vil følge nasjonale og lokale myndigheters rådgiving med tanke på smittevern. Vi gleder oss til å komme i gang med leir igjen, og vil starte med det så snart det er mulig.

Følg med på nlm.no/nordvest for påmelding, og mer informasjon om sommerleirene.



AUTORISERT EL. INSTALLATØR
6265 VATNE

Sve Gravferdsbyrå
Per Arne Sve
6200 Stranda
Telefon: 922 22 140



6050 VALDERØY

PURE
NORWEGIAN SEAFOOD AS

SULA ENTREPRENØR AS
Mauseidvåg småbåthavn
Innendørs/utendørs vinteropplag av båter
Tlf.: 913 05 341

ELIAS BREIVIK as
TRANSPORT

BLINDHEIM INDUSTRIVEG 4
6020 ÅLESUND
FAX: 70 14 24 99
MOBIL: 400 06 384



LOKALT UL I ÅLESUND

UL blir i år også digitalt med lokale samlinger rundt om i landet. Vi gjentar suksessen fra i fjor, og inviterer, sammen med forsamlingen, til lokalt UL i Misjonsalen i Ålesund. Det vil bli møter og seminarer fra UL som vi ser sammen, lokale aktiviteter og godt felleskap med ungdommer fra hele regionen. Når vi ikke kan reise til UL, så tar vi UL hit til oss!



Radio Nordvest
RADIOEN FOR ØRE & HJERTE

- **Elnesvågen** (Torget 6/8) • Tlf 40443469 Ti.-to. 11-17. Fr.-lø. 11-15
- **Kristiansund**, Rørgata 8-10 • Tlf 40443479 To.-fr. 12-17. Lø. 11-15
- **Ålesund**, Brusdalsveien 216 • Tlf 40443460 On.-fr. 12-17. Lø. 11-15

- **Ørsta**, Voldavegen 20 • Tlf 40443454 On.-fr. 10.30-16.30. Lø. 10.30-14.30



NLM GJENBRUK